

Arbeidsmarkedet nå desember 2008


"Arbeidsmarkedet nå" er et månedlig notat fra Statistikk og utredning i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skrevet av Jorunn Furuberg Jorunn.Furuberg@nav.no, 18 desember 2008.

Arbeidsløysa aukar

Ved utgangen av desember var det registrert 50 100 arbeidslause hos NAV. Dette er ein auke på 11 200 (29 prosent) samanlikna med desember i fjor, og svarer til 2,0 prosent av arbeidsstyrken. Sesongjusterte tal viser at det har vorte 3 300 fleire arbeidslause i desember.

I siste kvartal i år har arbeidsmarknaden svekka seg markant. Sesongjusterte tal viser at det no er 9 500 fleire heilt arbeidslause enn ved utgangen av 3. kvartal. Tilgangen av nye arbeidssøkjarar har auka kraftig den siste tida, samstundes som tilgangen av nye ledige stillingar fell. I desember blei det registrert 35 prosent færre ledige stillingar enn i same periode i fjor. Dette tyder på at arbeidsløysa vil auka ytterlegare i tida framover.

Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause og summen av ordinære tiltaksdeltakrarar og heilt arbeidslause. Sesongjusterte tal. Januar 1998 – desember 2008.



Kjelde: NAV

Mange nye arbeidssøkjarar melder seg til NAV

Tilgangen av nye arbeidssøkjarar har auka kraftig dei siste månadene. Det er no nesten 50 prosent fleire nye arbeidssøkjarar per yrkedag enn i september i år. Sjølv om talet for tilgangen av nye arbeidssøkjarar ofte svingar noko frå månad til månad, viser utviklinga den siste tida ein kraftig auke.

Figur 2: Tilgang av ordinære arbeidssøkjarar per yrkedag, beholdning av summen av heilt arbeidsledige og ordinære tiltaksdeltakarar. Sesongjusterte tal. Trend. Januar 2001-desember 2008.




Kjelde: NAV

Færre ledige stillingar innan alle yrkesgrupper

I desember blei det registrert 35 prosent færre nye ledige stillingar samanlikna med same periode i fjor. Det er ein nedgang innan alle yrkesgrupper, størst innan industriarbeid med 51 prosent færre nye ledige stillingar. Også innan butikk- og salsarbeid (-47 %), bygg og anlegg (-46 %) og kontorarbeid (-46 %) har det vore ein kraftig nedgang.

Figur 3: Tilgang ledige stillingar per yrkedag.¹ Sesongjusterte tal. Trend. Januar 2001-desember 2008.



Kjelde: NAV

Utviklinga i norsk økonomi

Den globale nedgangskonjunkturen har også fått følgjer for norsk økonomi. Noreg er no inne i ein nedgangskonjunktur med svak økonomisk vekst og aukande arbeidsløyse. Tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) indikerer at veksten i BNP i 2008 blir monaleg svakare enn dei føregåande åra.

Uvisse om framtida, høge lånerenter og vanskar med tilgang på kreditt har ført til ein nedgang i byggeaktiviteten. Tal frå SSB viser at det i løpet av i oktober i år blei starta opp 20,3 prosent færre nybygg, målt i bruksareal, enn i løpet av oktober i fjor. Nedgangen er størst for fritidseigedomar og bustader, men det blir også bygd færre næringsbygg og andre typar bygg.

Finansuroa har ført til at folk handlar mindre. Dette fører igjen til mindre samla etterspurnad og verkar negativt inn på veksten i økonomien. Tal frå SSB viser ein nedgang i varekonsumet i hushalda på 1 prosent frå september til oktober. Det er særleg kjøp av bilar og andre varige konsumvarer som trekkjer ned.

Norsk industriproduksjon fall med 0,9 prosent i perioden august til oktober samanlikna med dei tre føregående månadene. Det er produksjonen av innsatsvarer som går ned. Dette skuldast lågare etterspurnad frå utlandet samt redusert etterspurnad frå byggsektoren.

Statistikk frå SSB viser at oljeverksemndene i 4. kvartal i år har oppjustert anslaga på investeringar i 2009, samanlikna med anslaga dei gjorde i 3. kvartal. Verksemndene ventar at

¹ Omfattar stillingar lyst ut i media, registrert av arbeidsgjevar på nav.no eller meldt til NAV.

investeringane i oljeverksemda vil bli høgare i 2009 enn i 2008. Oljeinvesteringane er svært viktige for deler av industrien og har stor innverknad på aktivitetsnivået i norsk økonomi. Oljeprisen har falle sterkt som følgje av finansuroa og den internasjonale nedgangskonjunkturen. Dersom oljeprisen fell ytterlegare kan faktiske investeringar i oljesektoren bli redusert i tida framover. Dette vil i så fall gi negative ringverknader i norsk økonomi.

For å dempa dei negative verknadene av finansuroa, har Noregs Bank på siste rentemøte sett ned styringsrenta med 1,75 prosenteiningar til 3,0 prosent.

Utviklinga internasjonalt

Finansuroa, som starta med eit prisfall og eit sterkt aukande tal på misleghaldne lån i bustadmarknaden i USA i fjor sommar, har no utvikla seg til ein global nedgangskonjunktur. Tillitssvikt i den globale finanssektoren har ført til høge pengemarknadsrenter og vanskar med å få kreditt for verksemder og hushald i mange land. Industriproduksjonen fell i dei fleste OECD-land og råvarereprisane har falle kraftig dei siste månadene. Vekstindikatoren for OECD-området fall nesten 1 prosent frå september til oktober.

Den økonomiske veksten er negativ i USA og i dei fleste land i Europa. I USA har sentralbanken sett ned renta til nesten 0 for å stimulera til lågare pengemarknadsrenter. Også i Storbritannia er renta no på det lågaste nivået på over 50 år. I Sverige er sysselsettinga lågare enn for eitt år sidan, og arbeidsløysa har auka kraftig den siste månaden.

I Kina, som gjennom dei siste åra har hatt ein sterkt økonomisk vekst, viser også nye tal at industriproduksjonen har falle den siste månaden.


Den internasjonale nedgangskonjunkturen påverkar norsk økonomi ved lågare etterspurnad etter norske eksportvarer.

Fleire arbeidslause i dei fleste yrkesgrupper

Samanlikna med desember i fjor har det vorte fleire arbeidslause innan alle yrkesgrupper, bortsett frå innan undervisning og helse, pleie og omsorg. Auken i arbeidsløysa er sterkest innan bygg og anlegg, der talet på arbeidslause er dobla sidan desember i fjor. Blant personar utan yrkeserfaring har arbeidsløysa auka med 61 prosent. Også innan industriarbeid har det vore ein monaleg auke i arbeidsløysa (49 %).

Arbeidsløysa er høgast innan bygg og anlegg (3,5 %) og industriarbeid (3,0 %). Arbeidsløysa er lågast innan undervisning (0,5 %), blant leiarar (0,8 %) og innan ingeniør- og ikt-fag (0,8 %).

Figur 4: Prosentvis endring i talet på arbeidslause etter yrkesbakgrunn. Desember 2007- desember 2008.



Kjelde: NAV

Bygg og anlegg

Arbeidsløysa aukar innan dei fleste yrke i bygg og anlegg, mest blant jernbindarar (341 %), forskalingssnikkarar (269 %), tømarar (243 %) og snikkarar (190 %).

Industriarbeid

Innan industriyrka aukar arbeidsløysa mest blant mekanikarar (80 %) og blant støyparar, sveisrarar og platearbeidarar (77 %). Også blant prosess- og maskinoperatørar (69 %) har det vore ein monaleg auke i arbeidsløysa.

Meklarar og konsulentar

I denne yrkesgruppa aukar arbeidsløysa mest blant meklarar (133 %).

Ingeniør og ikt-fag

Arbeidsløysa aukar mest blant sivilingeniørar og sivilarkitektar (49 %) og blant ingeniørar og teknikarar (48 %). Sjølv om arbeidsløysa har auka noko i desse yrkesgruppene, er arbeidsløysa framleis på eit svært lågt nivå.

Helse, pleie og omsorg

Innan helse, pleie og omsorg er arbeidsløysa unedra samanlikna med desember i fjor. Arbeidsløysa går mest ned blant sosionomar og barnevernspedagogar (-13 %), sjukepleiarar og jordmødre (-12 %) .


Undervisning

I undervisningsyrka fell arbeidsløysa framleis. Samanlikna med desember i fjor er nedgangen størst blant førskolelærarar (-19 %) og blant grunnskolelærarar (- 12 %).

Sterk auke i tilgangen av nye arbeidslause

Tilgangen av nye arbeidslause aukar i alle yrkesgrupper så nær som blant dei med bakgrunn frå undervisning. Tilgangen aukar mest blant personar med bakgrunn frå bygg og anlegg (173 %), blant leiarar(136 %) og blant personar utan yrkesfaring (113 %).

Figur 5. Heilt arbeidslause med mindre enn 4 veker varigheit som arbeidssøkjarar etter yrke. Prosentvis endring desember 2007 - desember 2008.



Kjelde: NAV


Fleire arbeidslause i alle fylke

Arbeidsløysa har auka i alle fylke når vi samanliknar med desember 2007.

Auken er størst i Sogn og Fjordane (64 %) og i Aust-Agder (58 %). Minst auke i arbeidsløysa er det i Nordland (12 %) og i Finnmark (13 %).

Arbeidsløysa er høgst i Finnmark (3,1 %) og i Oslo og Aust-Agder begge med 2,5 %. Færrast arbeidslause finn vi i Rogaland (1,3 %) og i Sogn og Fjordane (1,4 %).

Figur 6. Prosentvis endring i arbeidsløysa etter fylke. Desember 2007- desember 2008.




Kjelde: NAV

Auke i arbeidsløysa blant arbeidsinnvandrarar

NAV har ingen eigen statistikk over arbeidslause arbeidsinnvandrarar. Figur 7 viser talet på registrerte arbeidslause etter statsborgarskap for nokre av dei mest aktuelle landa når det gjeld arbeidsinnvandring. Ved utgangen av desember er det registrert i underkant av 1 700 heilt arbeidslause polske statsborgarar. Dette er ein auke på vel 1 350 personar, eller 436 prosent, samanlikna med desember i fjor. Også blant litauiske statsborgarar (331 %) har talet på arbeidslause auka sterkt.

Figur 7. Registrerte arbeidslause etter statsborgarskap. Talet på personar desember 2008, og prosentvis endring desember 2007 –desember 2008.



Kjelde: NAV


Arbeidsmarknadstala for desember

NAV produserer og offentlegger månadstala for arbeidsmarknaden i desember før jul. Dette skuldast at det er spesielle rutinar knytt til utbetaling av dagpengar i samband med jule- og nyttårshelga. Den tildelige oppdateringa av månadstala i desember er i tråd med rutinane for tidlegare år, og påverkar difor ikke tolkinga av desembertala.

Det er ingen kjente spesielle tilhøve som påverkar månadstala for arbeidsmarknaden i desember.


Figurvedlegg

Figur 8 og 9: Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar innanfor yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2004 –desember 2008. Januar 2004 = 100. Sesongkorrigerte tall.



Kjelde: NAV

Figur 10: Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar. Januar 2004 –desember 2008. Januar 2004 = 100. Sesongkorrigerte tal.



Kjelde: NAV